



Bygda har snart fått ein ny, spennande møteplass

**Kva kjellaren i Gamleskulen skal nyttast til i framtida er det førebels ingen som veit, men restaureringa av dette historiske huset eigd av UU er i alle fall kome eit langt steg vidare i desse dagar. Det er no støypt golv i kjellaren og primus motor Jan Erik Olsson strekar under at den no vert frostfritt. Det neste som skjer er at dei 2 dørene kjem på plass. Hovudinngangen' heretter skal skje frå baksida.**

Arealet i kjellaren er 100 kvadratmeter og det er fleire stolpar som kan nyttast når rommetl eventuelt skal delast opp for fleire føremål.

Ned gjennom tida, i førre århundre, vart kjellaren nytta til ymse. Skule, skytebane og trimstudio er nokre føremål som vert trukke fram når eldre folk vert spurde. Det skal også ha vore juletefestar der. Men det er sikkert fleire døme som fortel om dette som ein mykje nytta møteplass og vi tek gjerne imot opplysningar om det..

- Vindauga mot Grano skal vel opnast att, Olsson?
  - Det veit vi ikkje av den enkle grunn at det avheng av føremålet.
- Når vi no har kome så langt er det lettare å lata ideane blomstra, seier han.

Dei som i tillegg til Olsson var med på dugnaden måndag var Harald Sunde, Ivar Berner Andersen og Knut Erling Bakka.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Primus motor Jan Erik Olsson i den bakre inngangen, som heretter vert hovudinggang til kjellaren